

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 08.05.2015
SAKSHANDSAMAR: Jannicke Daae Tønjum,
SAKA GJELD: **Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret
i Sjukehusapoteka Vest HF**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 023/15

STYREMØTE: 13.05.2015

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:

- Vedtekter for sjukehusapoteka Vest HF, sist revidert i føretaksmøte 20. februar 2014
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- «Nye retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel»
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
- Fullmaktsmatrise
- Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest

Oppsummering

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Fakta

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Det er lova om helseføretak saman med anna lovverk knytt opp mot helsetenester og apotek, som utgjer det overordna rammeverket for sjukehusapotek i spesialisthelsetenesta. I tilknytning til opprettinga av helseføretaket har eigar også fastsett vedtekter. Vedtektene for Sjukehusapoteka Vest HF blei sist endra i føretaksmøte 20. februar 2014 (Vedlegg 1). Med bakgrunn i Helse- og omsorgsdepartementet sin rettleiar om «Styrearbeid i regionale helseføretak» har Helse Vest utarbeidd rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak» (Vedlegg 2). Rettleiaren rettar seg spesielt mot god rolleforståing og god rolleutøving i styrearbeidet, men er og retta mot samfunnsansvar, krav til etikk og det praktiske styrearbeidet.

Statens eigarpolitikk er kommunisert i «Regjeringens eierpolitikk» (ikkje vedlagt her, men finnes på https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/nhd/statenseierberetning2013/pdf/regjeringens_eierpolitikk_2012.pdf). I dokumentet blir det gitt ein omtale av eigarskapspolitikken til Stortinget, men ein bør merke seg at regjeringa sin eigarpolitikk inkludert prinsippa for leiarløn. «Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel», er revidert i høve til brev til helseføretaka frå Stasråd Høie 17.03.2015 (Vedlegg 3). Då dette er en nyleg motteken presisering ønskjer Sjukehusapoteka Vest å presisere at føretaket legg desse reviderte retningslinene til grunn, og legg brevet med under styrande dokumentasjon.

Helse- og omsorgsdepartementet har stilt krav om at styret i regionalt helseføretak skal fastsette ein instruks for styret og ein instruks for administrerande direktør. På lik linje er det, som eit samarbeid i Helse Vest om hovudinnhald, utarbeid Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF (Vedlegg 4) og Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF (Vedlegg 5).

Når det gjeld «Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF» punkt 4.7 femte ledd;

«Administrerande direktør skal gjennom samarbeid og dialog med pasient- og brukarorganisasjonar sikre brukarmedverknad i samsvar med § 35 i helseføretakslova og vedtektene», er det viktig å merke at Sjukehusapoteka Vest, avstemt med Helse vest RHF, ikkje

har etablert eige brukarutval, men sikrar relevant brukarmedverknad gjennom å nyttegjere seg regionalt brukarutval og brukarutval knytt til det einssilde sjukehusføretak i regionen.

Gjennom 2014 har Sjukehusapoteka Vest etablert «Styrande dokument til Fullmaktsmatrise» (Vedlegg 6) og revidert Fullmaktsmatrise (Vedlegg 7) for leiarar på nivå 1, 2 og 3. Arbeidet vart framlagd for styret til orientering i styremøte 06.11.2014 (Sak 62/14).

Helse Vest reviderte «Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest» (Vedlegg 8) i 2012. Sjukehusapoteka Vest har i sin HMS-handbok utfyllande og beskrivande etske retningslinjer spesifikt knytt til aktuelle fagområder/ problemstillingar i Sjukehusapoteka Vest, men disse bygger tett på «Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest».

Kommentarar

Fleire av dei ovanfor nemnde styrande dokument er fastlagd av eigar eller i eit samarbeid med eigar/ andre føretak i regionen, og er difor i mindre grad mogeleg for styre å einssidig endre, men dei kan påverkast med innspel/ på førespurnad.

Administrasjonen kan ikkje sjå at det sidan førre gjennomgang av styrande dokument og orientering om nytt «Styrande dokument for fullmaktsmatrise» og «Fullmaktsmatrise» i styremøte i november 2014 er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseier at det er behov for revisjon av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument.

Konklusjon

Med bakgrunn i utgreinga ovanfor anbefaler administrasjonen at styret vedtek vidareføring av dei framlagde dokumenta uendra.

Vedlegg

1. Vedtekter for sjukehusapoteka Vest HF, sist revidert i føretaksmøte 20. februar 2014
2. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
3. «Nye retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel»
4. Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
5. Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
6. Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
7. Fullmaktsmatrise
8. Etske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest

